

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet.

Oppskr. av: Olav Fjörtoft

(adresse): Fjörtoft.

Fylke: Møre og Romsdal.

Herad: Haram.

Bygdelag: Fjörtoft

Gard: Nøre Fjörtoft, Søre Fjörtoft
og Otterlei.

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Oppskrifta er dels etter eiga røynsle og dels etter andre heimelsmenn.

B. Dei andre heimelsmenn er dei eldste menn som no lever på dei ymse gardar (brüts nr.) på Fjörtoft og Otterlei i Haram. Den eldste av desse - min far, Lars E. Fjörtoft, er 84 år. Han har vore gardbrukar og fiskar, og det same har dei andre heimelsmennene vore.

Brynet.

2.

1) Både bryne og hein er vanlege namn her i bygda, og slik har det vori så lenge folk veit. Men kvar er til sitt bruk. Brynet er større og grovare og vert brukt til ljå og sigd (og gjerne kibøks). Heinen er finare og mjukare og vert brukt til kniv, høvel og alle slag finare beitjarn.

Ein seier her, "å bryna" ljåen, sigden o. l. og "å heina" kniven."

2) No brukar ein bryne både av naturstein og kunststein (smergel = bryner). Inntil for ca. 20 år sidan var bryne og heinar berre av naturstein.

Naturlig brynestein finst i bygda - på Fjortoft, g. nr. 3 i Hvaran. "Bryne-berget" heiter staden. Her henta alle bruk alle dei bryne dei brong. Staden var liksom sameige, og ingen hadde noko slag inntekt av det. I nyare tid stutta denne brynehentinga. Ein gjekk over til å kjøpa ferdighogde bryner ~~av~~ ^{hos} landhandlarane. Disse er utan merke, så det er vanskeleg å seia kvar dei kjem ifrå. Samleis med heinane.

3) Dei fleste reiskap blir fyrst slipt på rind stein og sidan kvist ~~på~~ med bryne eller hein. Til barberknivar og ymse truskjerarverktøy berre heinar - fyrst ein grov og etterpå ein fin hein.

4) Å kvessa ljå og sigd på den måten at ein bynna ut egga med hammar har vore ukjent her, det gamle folk veit. Derimot var det brukt å bynna ut egga med hamring, dersom ljåen var for tjukk i egga eller for mykje herda. Var han for hard, „stakk“ han, d. v. s.: det brotna ut stykke av egga. Ljå og sigd vart kvesta på same måten. Skilnaden mellom slipejår og huseljår er ukjent. Trongst det utbyning av ljåen, var det anten husbonden sjålv som gjorde det, eller ein bygdesmed. Litt smi-verkty var det for i tida på kvar gard.

Kva tid skikken å slipa jår kom til bygda, veit ingen.

Det eldste ein veit om runde slipesteinar er at bonde-jektene i det 17. og 18. hundreåret hadde med seg heim slipesteinar frå Bergen og Trondheim (Fjortoft hadde si bonde-jekt)

5) Det er velkjent at det fannst på gardane ein større flat slipestein som låg still. Sv og til fannst han att emne, serleg i næst og sjöhús, der ein brukar han å kvessa fiskeverkingss-kneivar på. Frikkarar brukar og slike til høvlar og jårn. Namnet på slik stein er „kvatstein“ eller „kvegestein“.

Slipesteinen stod alltid heime ved tuset. Var ikkje brukt å ta han med ut på marka når ein slo.

6) Det er vanleg å bruke gjæen ei arbeidsykt for ein sliper han på nytt. Ein heldt bitet på han heile ykta med brynet.

7) No stier brukte ein berre eitt bryne, men ^{det} er kjent at eit hardt brestykke var brukt å ta roa av egga med like eller slipinga. Denne teiskapen var kalla bryne-stikke. Like vert einno brukt til finare bitjarn. Trebryne med påklint hjære eller sand er utkjent. Brynestikka hadde ein som regel med heimafrå ut på marka.

8) Gjæen set alltid på orvet når ein sliper. Ein held egga mot seg når ein sliper.

9) Når ein bryner, held ein gjæen opp. Bakkanten av gjæen stödd mot ~~venstre~~ ^{venstre} aksla og orvet mot marka. Ståttorvet held ein ^{for} mellom fötene, i det ein set fötene i kross.

10) Koppen brynet blir bori i heiter her både brynekopp og bryneholk. I eldre tid var den alltid av tre — men no mest av jarn (blikk)

11) Okse- eller kühorn til å bera brynet i, kjenner ingen til. Men det var før i tida brukt å bera brynet i ei lær-slire i belket — på sida eller bakpå.

12) Smergelbryne blir som regel ikkje fuktta til gjæ-bryning. ¹³ Til finare verkty brukar ein ofte på heinar og bryne av kunststein. Sand og fjöre

3.
på trebryner er, så langt eg veit,
ikkje brukt.

14) Mjølet som kjem ^{fram} ved bryning
heiter her „bryne-gör“ (Vert uttala
„bryne-gör“; med lang ö).

15) Brynegör (bryneswarte) mot
ringorm er ukjent.

16) Veit heller ikkje av at brynegör
blir - eller har vori brukt - som lækje-
middel mot andre sjukdomar.

17) Overlevering om bryneskin som
blir betre ~~me~~ av å liggja i mæurtue
eller jord er ikkje kjend.

18) Forteljing om at brynet talar
har ein ingen ting av no. Det kan
heller ikkje seiast noko visst om
eldre attled hadde slike forteljingar.

19) Når ein spyttar på brynet, sa
ein „lv!“

20) Remser eller viser i samband
med kvestinga har ein ingen av.
Men ei herme vil eg få nemna.

Om ~~en~~ som var så ueppen å skjera
seg på gjæ-egga, når han brynte
gjæen, skulle ikkje få „slätta-graüt“
„Han skar frå seg slätta-graüten“,
sa dei. Denne herma vert brukt enno.